

Notat vedkomande arealdisponering gnr 49 bnr 10, Io

Anders Dalland sendte ein e-post til Meland kommune 12. desember 2010 med ynskje om eit møte med kommunen der vi kunne diskutere kommuneplan for Io samt mogleg framtidig utnytting av gnr. 49 bnr. 10.

Bakgrunn

Hausten 2007 overtok vi familiegarden 49/10 på Io. Garden er i dag cirka 30 mål og består av våningshus, andre driftsbygningar, tidlegare beitemark, skog og strandline. Garden er tidlegare oppdelt i bustadtomtar, fritids- og nausttomt og utemarkstykket er frådelt. Framtidig bustadbygging på garden er av interesse.



Innspel i samband med revisjon av kommuneplan

Ein del av landbruksarealet på gnr. 49 bnr. 10 er i dag definert som LNF-ja-område i kommuneplanen. Den frådelt bustadtomt, bnr. 114, som grenser mot LNF-ja-området, ligg i eit LNF-område.

Me ynskjer at LNF-ja-området vert justert til å omfatta nemnde parsell samt ein ny bustadtomt vest i Grønhaugen, sjå vedlagt kart. Dette er eit betre eigna tomteareal som ikkje øydelegg for jordbruksarealet på garden. I forhold til topografi, etablert busetnad og ålmenne interesser i strandsona vil ikkje tomtane ha negativ betydning.

Hovudbruket har ikkje naust og vi vil derfor ha moglegheiten å byggja eit naust på bnr. 10, i tilknytning til det noverande naustmiljøet og kaiområdet. Aktuell plassering er vist på kartet.

Me ynskjer at dette vert tatt omsyn til i revidert kommuneplan.

Else-Britt Straumøy Dalland

Helge Dalland

Kart og foto over område

